

Kontakt:
Kundesenter
Tlf: +47 23 00 25 48
Fax: +47 23 00 25 01
kundesenter.no@cision.com

Røde Kors

Att: Anne D. Nilsen
Postboks 1 Grønland
0133 OSLO

Side: 1
Totalt antall sider: 1

04 Røde Kors Ungdom

Firda Tidend

Dato/nr: 11.04.2008
Redaktør: Bjørn Grov
Telefon: 57 86 87 81
Kilde type: Aviser
Emne: MBL kilder (digital)
Utgiversted: Sandane
Fylke: Sogn og Fjordane
Frekvens: 3/uke
Opplag: 3.070
Lesere: 12.000
Artikkelareal: 75 cm²
Side: 16



- Spør oss om gummi!

Røde Kors Ungdom i Sogn og Fjordane vil på-
verke ungdommen sine
haldningar til eiga seksu-
ell helse. Utfordringa er
tydeleg; norsk ungdom er
verdsmeistrar i ubeskytta
sex. I fjor vart det oppda-
ga 22.000 nye tilfelle av
klamydia. Det er eit snitt
på 55 nye kvar natt. Dei
aller fleste råka er
mellom 15 og 25 år. Og
smittetala for hiv/aids er
stygge.

Røde Kors Ungdom
arbeider for å få ned
smittetala og tilbyr
mellom anna skulepre-
sentasjonar om hiv og an-
dre seksuelt overførlege
infeksjonar. Komande
helg samlast 20 ungdom-
mar i Førde for å utdan-
ne seg til instruktørar i
dette arbeidet; instruktø-
rar som skal reise rundt

til skular i Sogn og Fjor-
dane og utfordre elevane
til å ta Aktivt valg.

- Aktivt valg er ein in-
formasjons- og haldnings-
skapande aktivitet i regi
av Røde Kors Ungdom,
seier kursansvarleg Lene
Therese Steimler. - Ved
hjelp av morosame og in-
volverande metodar får
ungdom informasjon om
kjønnsjukdomar og kor-
rekt kondombruk, og
høve til å auka medvit
om eigen seksualitet. Ber-
re i fjor snakka vi med
fleire tusen ungdommar
om dette, seier ho.

Kurset er vorte til ved
eit samarbeid mellom
Røde Kors og sjukepleie-
studiet ved Høgskulen i
Sogn og Fjordane. Mange
av dei som deltek på kur-
set er sjukepleiarstuden-
tar.

3196

254951685

WEBM

